

EVALUERING AV BOKBÅTENESTA I HORDALAND

INNHOLD

| | |
|---|----------|
| 1. BAKGRUNN..... | 2 |
| 1.1. Lovgjeving og politikk | 2 |
| 1.2. Bokbåthistorie | 2 |
| 1.3 Vekslande rammevilkår | 3 |
| 1.4 Biblioteksituasjonen i fylket..... | 3 |
| 2. BOKBÅTDRIFTA | 4 |
| 2.1 Organisering | 4 |
| 2.2 Stoppestadar | 4 |
| 2.3 Bokbåten som kulturarena..... | 5 |
| 2.4 Utlån, boksamling og besøk | 5 |
| 2.5 Samarbeid med Lindås bibliotek om driftsoppgåver..... | 6 |
| 2.6 Kostnader | 6 |
| 3. HAR BOKBÅTENESTA EI FRAMTID? | 7 |
| 3. 1 Leige av fartøy | 7 |
| 3.2 Utfordringar..... | 7 |
| 3.3 Oppsummering | 8 |
| Vedlegg 1: Namn på bokbåtstopp i kommunane..... | 9 |
| Vedlegg 2: Oversyn over kveldsprogram for vaksne | 10 |
| Kjelder | 10 |



1. BAKGRUNN

1.1. Lovgjeving og politikk

Etter endringar i Lov om folkebibliotek frå 1.1.2014 ser føremålsparagrafen no slik ut:

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem.

I Premiss: Kultur, Regional kulturplan for Hordaland 2015 — 2025» heiter det:

«Bokbåten starta i Hordaland i 1959. Samarbeidet med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal begynte då «Epos» blei bygd i 1963. Tilboden er eit viktig supplement til kommunale skule- og folkebibliotek. På små plassar er det ofte det einaste bibliotektilboden som blir nytta av innbyggjarane. Fylkeskommunen skal halde fram med å drifte og utvikle bokbåten som eit utjamnande bibliotektilbod, i kombinasjon med kommunale og interkommunale tilbod.»

Under innsatsområde 29. Tilgang til moderne og attraktive bibliotek, er drift og utvikling av bokbåten prioritert som eit utjamnande bibliotektilbod.

1.2. Bokbåthistorie

Ideen om eit flytande bibliotek oppstod ein gong på 50-talet i Hordaland. I eit distrikt med mange små avsidesliggjande kystsamfunn, var folk vande med å setje si lit til fiskebåtar, frakteskuter og passasjerbåtar, sjøvegen var hovudvegen. Her kom «Elieser» som sytte for sjelene og «Skjermbildebåten» som konsentrerte seg om det kroppslege. I dette landskapet passa det bra med ein bokbåt som sytte for kultur og kunnskap til folket.

Sidan den gong har samfunnsendringane vore store. Framleis er gods- og passasjerbåtar markante aktørar langs kysten, men eit godt utbygd vegnett med mange nye bruver og ferjer har vore med på å endre samferdselsmönsteret radialt. Både barn og voksne reiser lettare no enn før, ved hjelp av privat og offentleg skyss.

Då bokbåttenesta starta i 1959, var det 150 bygder som i løpet av halvanna månad fekk besøk av båten. I mars 2018 besøkte bokbåten 50 plassar i 22 kommunar i løpet av 21 dagar.

I 1964 kom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med, og samarbeidet mellom fylkeskommunane vart marknadsført som «Vestlandet sitt flytande bibliotek».

Båten er ein institusjon langs kysten og i fjordane, og tenesta har utvikla seg i tak med skiftande tider og utviklingstrekk i samfunnet. I tillegg til utlån av bøker fekk bokbåten også ei viktig oppgåve som formidlar av levande kultur, som t.d. dokketeater, gjøgling, musikk, eventyrforteljing og opplesing. Det at båten også fungerte som "kulturbåt", gjorde at den i 1968 fekk status som eige folkeakademiet. Også i dag står barn forventningsfulle på kaia når båten kjem, han vekkjer gode kjensler i store deler av folket langs kysten

To gongar har det vore store jubileumsmarkeringar om bord i båten. Første i 2009, då 50 års bokbåttenesta i Hordaland vart markert. Andre gongen var i 2013, då 50-års jubileet til Epos vart feira i ei samordna markering i dei tre bokbåtfylka. Markeringa vart gjort ved alle stoppestader i dei tre fylka, i tillegg var det ekstra markeringar i byane, Kristiansund, Molde, Ålesund, Førde og Bergen. Begge jubilea vart støtta av Nasjonalbiblioteket og fekk omfattande mediedekking.

Bokbåttenesta på Vestlandet vekkjer internasjonalt merksemld. «Epos» har blitt presentert på fleire internasjonale konferansar, t.d. i Australia, Kroatia og Hellas. Det har også vore reportasjar frå båten i utanlandske tidskrifte og media, m.a. gjekk det eit timeslangt program om båten på fransk radio rett før president Mitterand hold nyttårstalen sin for nokre år sidan.

1.3 Vekslande rammevilkår

Bokbåttenesta er forankra politisk, og blir kvart år vurdert i samband med budsjettahandsaminga i fylka, og det har vore framlegg om nedlegging av tenesta i periodar med trøng økonomi i alle fylka.

Alt i 1965 var ein i Hordaland budd på å leggje ned bokbåtdrifta på grunn av manglande løyvingar. Det vart likevel fatta vedtak om vidare drift på vilkår om at stoppa i dei tre fylka vart redusert med 1/3, og at det i tillegg blei bedt om ekstra løyving frå fylkesmennene.

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i juni 2000 at bokbåten Epos skulle leggjast ned som følgje av den store spareplanen i fylkeskommunen. Nedlegginga utløyste eit stort lokalt engasjement i form av lesarbrev, stor medieinteresse og lokale politikarinitiativ. Engasjementet vekte fylkespolitikarane og bokbåten kom tilbake på budsjettet for 2001.

I Hordaland og Sogn og Fjordane har det vore nære på nedlegging fleire gongar. Politikarane på fylkestinga har funne løysingar og sikra midlar til vidare drift, men i 2014 vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane å avvikle bokbåttenesta frå september 2015. Fylkestinget i Hordaland vedtok i mars 2015 at drifta i Hordaland skulle halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal. Tilsvarande vedtak blei gjort i Møre og Romsdal.

1.4 Biblioteksituasjonen i fylket

Hordaland har mange kommunar med få innbyggjarar i høve til arealet. Når desse då bur spreidd, på øyar eller på to sider av ein fjord, blir det vanskeleg å nå alle med eit godt bibliotektilbod. Mobil bibliotekteneste kan vere eit godt supplement, og ved innføring av bokbuss viser det seg at utlånet stig enormt, sjølv om stasjonære avdelingar blir nedlagde.

I år 2000 var det 90 bibliotekavdelingar i Hordaland og det var bokbussteneste i 12 kommunar. Dei mobile einingane hadde totalt 438 stoppestader. I 2017 var det 60 bibliotekavdelingar og bokbussteneste i 4 kommunar (Lindås, Voss, Kvinnherad og Osterøy). Dei mobile einingane hadde totalt 127 stoppestader.

Reduksjon av tilboden har samanheng med at busetjingsmønsteret og samfunnsstrukturane er i endring. Færre livnærer seg av landbruk og fiske, og det er fråflytting frå distrikta inn til Bergen og andre større stader. Når bygder vert avfolka, vert skular og bibliotekfilialar lagt ned.

Tabellen nedanfor syner nokkeltal for bibliotekverksemda i Hordaland samanlikna med resten av landet og utviklinga dei siste 22 åra..

| | 1994 | | 2016 | |
|---------------------------------|-----------|---------------|-----------|---------------|
| | Hordaland | Landsgr.snitt | Hordaland | Landsgr.snitt |
| Medieløyving per innbyggjar | Kr 27,82 | Kr 28,80 | Kr 23,69 | Kr 25,47 |
| Utlån per innbyggjar | 4,06 | 5,00 | 4,08 | 4,26 |
| Personale per 1500 innbyggjarar | 0,57 | 0,64 | 0,49 | 0,51 |
| Besøk per innbyggjar | 4,1 | 4,38 | 4,40 | 4,60 |

Fig. 1: Nøkkeltal

Sjølv utan justering for endring i kroneverdien, har det vore ein stor reduksjon i medieløyvinga i heile landet. I Hordaland er løyvinga redusert meir enn gjennomsnittet i resten av landet. I 1994 var medieløyvinga i Hordaland 3,5 % under landsjennomsnittet, medan det i 2016 var låg 7,5 % under snittet.

Trass i nedlegging av filialar og bokbussar har utlånet auka i Hordaland, medan det har gått ned i resten av landet i denne perioden. Besøket i folkebiblioteka har auka meir i Hordaland enn elles i landet, men statistikken viser at løyvingar og bruk av folkebiblioteka ikkje er på høgde med resten av landet

Korkje statistikk eller erfaring syner at eit bibliotektilbod utelukkar eit anna. Tvert i mot, så stimulerer tilgang til bibliotek til meir bibliotekbruk og meir lesing, særleg for barn. Bruken av tilboden er avhengig av tilgang og kvalitet.

På 1990-talet hadde ein typisk bokbåtkommune under 5 000 innbyggjarar, var utan fagutdanna bibliotekleiar, løyvde under gjennomsnittet for Hordaland per innbyggjar til bibliotek, og hadde eit utlån godt under lands-gjennomsnittet. I 2018 får alle kommunar, utan dei tre inst i Hardangerfjorden, Fedje, Øygarden, Voss, Bergen og Modalen, besøk av bokbåten. Bokbåten har meir enn tidlegare blitt eit utjamnande og fleksibelt tiltak som veg opp for reduksjon i kommunale bibliotektenester og er med på å fremje interesse for lesing og bibliotek i 22 kommunar i Hordaland.

2. BOKBÅTDRIFTA

2.1 Organisering

Bokbåten besøkjer kvar plass 2 gongar i året, vanlegvis i mars og i november. Kvar tur varar i 21 dagar. Sør for Bergen 11 dagar, så er det landligge ei helg, før ein dreg nord for Bergen i 10 nye dagar.

Kvar stopp har ein kontaktperson, som er fylkesbiblioteket sin samarbeidspartner. Vedkomande har som oppgåve å informere om bokbåtbesøket ved å henge opp plakatar og informere via telefon, meldingar, lokale Facebook-grupper o.l. Ei anna oppgåve er å sjå til at kaia er tilgjengeleg på tidspunktet for besøket. Mange bokbåtkontaktar låner bokdepot med seg på land. Desse vert plassert i privatheimar, men helst på lokale butikkar eller skular. Nokre får eit lite vederlag for arbeidet, betalt over det kommunale bibliotekbudsjettet. Dersom det er eit skulestopp, er det vanleg at lærarar teke på seg oppdraget som ein del av den ordinære jobben. Kontroll med utlånet og påminning om tilbakelevering er ein del av arbeidet.

Eigaren av bokbåten er i regelen med som kaptein, i tillegg består den maritime besetninga av ein person som har oppgåver som motorpassa, matros og kokk. I tillegg til maritim besetning, er det med to bibliotekarar og ein eller to kulturutøvarar.

2.2 Stoppestadar

| Kommune | Stopp 1995 | Stopp 2018 | Kommune | Stopp 1995 | Stopp 2018 |
|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Askøy | 2 | 2 | Odda | 0 | 1 |
| Austevoll | 8 | 4 | Os | 0 | 2 |
| Bømlo | 5 | 2 | Osterøy | 2 | 1 |
| Fitjar | 1 | 1 | Radøy | 4 | 4 |
| Fjell | 1 | 1 | Samnanger | 2 | 0 |
| Fusa | 0 | 3 | Stord | 1 | 1 |
| Jondal | 2 | 1 | Sund | 2 | 4 |
| Kvam | 1 | 1 | Sveio | 4 | 2 |
| Kvinnherad | 4 | 3 | Tysnes | 3 | 3 |
| Lindås | 5 | 5 | Ullensvang | 1 | 3 |
| Masfjorden | 3 | 4 | Vaksdal | 1 | 1 |
| Meland | 1 | 1 | Øygarden | 1 | 0 |
| | | | SUM | 55 | 50 |

Fig. 2: Bokbåtstopp

Sidan 90-talet har Fusa, Odda og Os fått bokbåtstopp, medan det eine stoppet i Øygarden er nedlagt. I fleire kommunar er stopp nedlagt eller flytta til andre plassar, grunna endringar i skulestruktur og utbygging av bruer og vegar. Etablering av nye stopp eller nedlegging av gamle, skjer i dialog med kommunane. Det er ofte venteliste for å få bokbåtstopp, men det er som oftast spørsmål om å få dagstopp. Innafor ramma med ein driftsperiode på 21 dagar, er det vanskeleg å auke talet på stoppestadar, og det er ikkje mogleg å få til fleire skulestopp på dagtid.

Bokbåten har flest stopp på dagtid, då skular og barnehagar kjem om bord. Omlag 30-35 av stoppa er skulestopp, men ikkje alle får besøk i skuletida kvar gong. Til det er kapasiteten i dagens drift for liten. Enkelte stopp er doble, dvs. at besøket er så stort at det har to kulturprogram og to bibliotekstunder. Døme på dette er Øystese, Lofthus og Forlandsvåg. Det er også doble stopp utan dobbelt program. Døme på dette er Vedholmen og Glesvær, der dei eldste borna kjem og lånar bøker etter programmet er ferdig. På doble stopp kan det vere meir enn 150 barn og unge om bord i løpet av to bibliotekøkter.

På dei minste stoppa kjem det berre 1 til 3 menneske om bord, t.d. på Litlakarlsøy, Gammersvik og Snilstveitøy, men utlånet stort, då det vert lånt på land kasser med bøker til vidare utlån.

Hausten 2018 har båten 50 stopp i 22 kommunar. Det nyaste stoppet er Grimo i Ullensvang kommune. Vedlegg 1 er liste med namn på stoppa i kvar kommune.

2.3 Bokbåten som kulturarena

Bokbåten kjem med kulturprogram til skular og småplassar i tett samarbeid med Den kulturelle skulesekken. I regelen er det 1 til 3 barneprogram kvar dag, men det kan i enkelte høve vere 4 program.

Programutøvararane vert godtjente av fagkomitear knytt til Den kulturelle skulesekken. Samarbeidet fører med seg at bokbåten og Den kulturelle skulesekken har ein samordna kulturkalender. Ein utøvar som er på bokbåten, er ikkje del av det ordinære skuletilbodet, og bokbåtbesøk kolliderer ikkje med andre kulturskulebesøk i same tidperiode.

Eit omfattande tilbod med filmframSYNING, føredragsverksem og forfattarkveldar for vaksne var starten for bokbåten som kulturarena. Etter kvart vart det meir vanleg å ha med barneprogram i tillegg, og til slutt var det berre barneprogram. Frå hausten 2014 er det på nytt starta opp med eit tilbod berre til vaksne, med eit variert program av ulike tilskipingar. Tilhøve knytt til arbeidstid for det maritime mannskapet gjere at det berre let seg gjere med 3 kveldsarrangement på kvar tur. Besøket har variert med eit publikum frå 60 til 15 på dei smalaste programma.

Stiftelsen Fritt Ord og Nasjonalbiblioteket har gitt støtte til programseriar for vaksne om bord i båten. I tillegg har Nasjonalbiblioteket løyvd midlar til tilrettelegging av lokala som kulturarena. Midlane har vore nytta til flyttbare hyller, lerret og prosjektør. Vedlegg 2 er eit oversyn over kveldsprogramma for vaksne sidan 2014.

I november 2016 var bokbåten med som festivalbåt på Blest-festivalen i Tysvær i Rogaland. Opphaldet var initiert av Tysvær kommune og finansiert av Nasjonalbiblioteket. Båten låg til kai i Hinderåvåg og i Skjoldstraumen og var open for publikum heile tida. Ein del folk kom og gjekk, i tillegg til at det var nærmare 350 besøkjande på 2 barnearrangement og 2 voksenarrangement.

Den nynorske barnelitteraturfestivalen på Stord, Falturiltu. Har dei siste tre åra samarbeid med bokbåten.

Bokbåten har alltid vore ein arena for aktiv formidling og ein møteplass for dei lokalsamfunna som får besøk. Etter endringa av føremålsparagrafen i Lov om folkebibliotek, har bokbåten si rolle som kunnskapsinstitusjon, kulturformidlar og møteplass blitt ytterlegare styrka.

Tal på publikum på kulturprogramma er aukande og i 2017 var det 4324 publikumarar til stades.

2.4 Utlån, boksamling og besøk

Drift av bokbåttenesta har endra seg i takt med utvikling av stasjonære bibliotektilbod. Datateknologi har blitt innført for å lette arbeidet med attfinning av bøker og utlån, og det har vore aukande fokus på å stimulere

barn til lesing. Medieløyvingane i dei kommunale biblioteka er redusert og ny og aktuelle bøker frå bokbåten er eit kjærkome supplement til underfinansierte skulebibliotek kring i kommunane.




Fig. 3: Utlån og besøk

Som lekk i eit nasjonalt biblioteksystem nyttar bokbåten nasjonale lånekort. Dette har ført til meir kontroll på utlånet, men også eit større behov for å tilpasse utlånstala, til det som vert rapportert frå landbaserte bibliotek. Framleis blir det utlånt depot på dei fleste bokbåtstoppa, men arbeidet til kontaktpersonane har blitt enklare ved at dei slepp å telje vidareutlån, anten det er utlån frå boksamlingar i heimen, nærbutikken eller frå skulane. Dette har ført til ein kraftig reduksjon i rapportert utlån frå båten og det er vanskeleg å samanlikne med tal før 2015.

Figuren over viser at bokbåten utviklar seg om lag som bibliotekverksemda i resten av landet (sjå fig. 1); utlånet har gått litt ned og besøket aukar. Kvar besøkjande låner med seg meir enn to bøker i snitt, noko som er høgre enn landsgjennomsnittet, som er på under ei bok på kvart bibliotekbesøk.

Boksamlinga på båten vert oppbevart på fylkeshuset i Bergen når den ikkje er med om bord. Samlinga har dei siste åra blitt grundig gjennomgått og aktualisert, og er redusert frå om lag 20 000 til om lag 10 000 bøker, som er kvalitets- og tidsmessig tilpassa brukargruppa. Av desse er 2/3 til stadig utlån, medan 1/3 er i kasser på fylkeshuset utanfor bokbåtsesongen, eller om bord når båten er i drift.

2.5 Samarbeid med Lindås bibliotek om driftsoppgåver

Hordaland fylkeskommune ved fylkesbiblioteket har inngått avtale om bibliotekfagleg samarbeid om drift av bokbåten med Lindås kommune ved biblioteket. Dette er gjort for å sikre oppdatert kunnskap om litteratur, og litteraturformidling, samstundes som rutinearbeid med planlegging av rute og program blir utført av Lindås bibliotek. Båten blir bemanna av tilsette ved Lindås bibliotek og fylkesbiblioteket, noko som gjer tenesta meir robust og fleksibel.

Fylkeskommunen har ansvaret for kontraktsarbeid og kontakt med båteigar, samarbeid med fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal, samarbeid med Den kulturelle skulesekken, planlegging og kontraktfesting av kulturprogram og utvikling av nettstaden bokbaten.no.

Avtalen kom i stand i januar 2011, og fungerer godt etter intensjonen.

2.6 Kostnader

| | Rekneskap 2016 | Rekneskap 2017 | Budsjett 2018 |
|----------------|----------------|----------------|---------------|
| NETTO Bokbåten | 1 521 075 | 1 508 447 | 1 508 000 |

Rekneskapen omfattar alle utgifter til drift av båten. Samanlikna med stasjonære bibliotek er bokbåttenesta rimeleg i høve til utlån og bruken av kulturtildobet.

Budsjettet for 2018 fordeler seg slik:

| | |
|---|---------|
| Kjøp av tenester frå Lindås bibliotek | 408 000 |
| Bokbudsjett | 100 000 |
| Leige av båt Vinnes skyssbåtservice | 820 000 |
| Kulturprogram/reiseutgifter | 90 000 |
| Overtid/ekstrahjelp | 60 000 |
| Diverse utgifter (plasting av bøker/trykksaker mv.) | 30 000 |

Budsjettet omfattar ikkje kulturprogrammet til vaksne, som er 100% støtta av Nasjonalbiblioteket med midlar avsett på fond.

3. HAR BOKBÅTTENESTA EI FRAMTID?

3. 1 Leige av fartøy

Bokbåttenesta er eit konsept, som ikkje er knytt til eit spesielt fartøy. Det byrja med «Abdulla» i 1959. For å få plass til kulturprogram for born og vaksne vart «Fjordguide» leigd inn i 1962. Hausten 1963 blei den spesialbygde MS «Epos», som var eigd av Knut Svåsand frå Bakka i Hardanger, sett inn i drifta. Båten vart ombygd i 1985, m.a. med ein større biblioteksalong. Etter at Vinnes skyssbåtservice overtok i 2003, har båten fått dobbelt så sterke motorar og lugarane under dekk er pussa opp.

Nye reglar for offentlege anskaffingar kravde at tenesta måtte ut på anbod, og innkjøpsavdelinga i Hordaland tok i 2003 på seg arbeidet med anbodsprosessen. Det kom inn 5 tilbod, men ingen kunne konkurrere i pris og ingen andre var betre tilrettelagt som bokbåt, enn «Epos». Det vart inngått avtale på tre år med opsjon på forlenging med eit år om gongen.

Forskjellige tilhøve gjorde at det varte heilt til 2014 før nytt innkjøp vart gjort for denne tenesta. Då gjennomførte innkjøpsavdelinga i Møre og Romsdal ei intensjonskunngjering på vegne av Hordaland og Møre og Romsdal. Bakgrunnen var at ein meinte at det ikkje finnes andre båtar i marknaden enn «Epos», som oppfyller krava til funksjon, utforming og pris. Avtale om leige av båt er regulert i «Rammeavtale vedrørande kjøp av bokbåtteneste for fylkene Hordaland og Møre og Romsdal». Den regulerer kostnadene, ansvarsområder og kvalitet på tenestene. Avtala er gjeldande frå 01. 09.2015 t.o.m. 31.08.2018. Avtaleperioden kan forlengast med ytterlegare eit år. På bakgrunn av dette har dei politiske utvala i Hordaland og Møre og Romsdal bedt om ei evaluering av tenesta med tanke på å nytte opsjon på forlenging av avtalen, og på lengre sikt å utvide tenesta til å gjelde det nye vestlandsfylket frå 1.januar 2020.

3.2 Utfordringar

Bibliotektenestene som møter publikum om bord, må seiast å vere i tråd med moderne bibliotekdrift og intensjonane i Lov om folkebibliotek og Regional kulturplan for Hordaland.

Organiseringa av arbeidet er rasjonalisert ved hjelp av automatisert utlån og samarbeid med Lindås bibliotek. Ved ytterlegare investering i elektronisk utstyr, er det mogleg å redusere den bibliotekfaglege bemanninga om bord i helgene, samstundes som ein kan nytte meir tid på formidlingsarbeidet på dei travle skulestoppa.

Den største utfordringa er at tenesta blir utført om bord på ein båt. Offentlege bygningar har krav om universelt tilgjenge og Hordaland fylkeskommune har eit særlig fokus på miljøvenlege løysingar.

«Epos» er sertifisert ettersjøfartsdirektoratets reglar om passasjerbåt med godkjente landgangar. Det er ein landgang på toppdekk til bruk ved fjøre og ein på hovuddekk, begge med bredde til rullestol. Båten ligg så pass lenge til kai at det er tid til å hjelpe personar med rørsleutfordringar om bord.

På spørsmål om «Epos» er miljøvenleg, svarar Vinnes kystbåtservice at båten har den nyaste motorteknologien (comorailmotorar), som ein i dag nyttar i nye hurtigbåtar på Mørekysten. Forskjellen er at «Epos» i snitt brukar 28 liter diesel i timen, medan hurtigbåtane brukar ca. 300 liter i timen. Bokbåteigaren meiner ein trygt kan si at «Epos» er miljøvenleg, når ein i vinter har hatt eit snittforbruk av diesel på 185 liter per døgn .

Dersom bokbåttenesta skal ut på nytt anbod i samband med ei utviding av tilbodet i det nye vestlandsfylket, må det leggjast vekt på tilhøve knytt til miljøvenleg drift og universell utforming. Det bør også stillast krav til biblioteksalongen, med plass til bøker, publikum og tilrettelegging for kulturprogram.

3.3 Oppsummering

I Hordaland har bibliotektilbodet i mange kommunar blitt sentralisert dei siste åra. Samstundes har bokbussar blitt nedlagt og det har ikkje blitt ei monaleg satsing på skulebibliotek. Det er lagt ned 30 bibliotekavdelingar og 8 bokbussar sidan år 2000. Skulebiblioteka har heller ikkje fått eit monaleg løft dei siste åra.

Trass i at utlånet og besøk på biblioteka har auka i Hordaland, er framleis ikkje bruk av folkebiblioteka på høgde med resten av landet. Hovudbiblioteka har mange plassar blitt styrka med opprusting av lokala og betre opningstider. Nokre bibliotek i har blitt «meiropne», dvs. at publikum over 16 år (eller eldre) har tilgang til biblioteket utanom bemanna opningstid. Løyvingar til innkjøp av media i biblioteka har blitt redusert dei siste 20 åra.

På 1990-talet hadde ein typisk bokbåtkommune under 5 000 innbyggjarar, var utan fagutdanna bibliotekleiar, løyvde under gjennomsnittet for Hordaland per innbyggjar til bibliotek, og hadde eit utlån godt under lands-gjennomsnittet. I 2018 er bokbåten meir enn tidlegare, blitt eit utjamnande og fleksibelt tiltak som veg opp for reduksjon i kommunale biblioteknester, og er med på å fremje interesse for lesing og bibliotek i 22 kommunar i Hordaland.

Kommunane reknar meir enn tidlegar med bokbåtstoppa i planlegging av bibliotektilbodet sitt. Tal på stoppestadar er stabilt, og det blir lagt ned og oppretta nye stopp kvart år i dialog med kommunane. Den stabile bruken av bokbåten kan tyde på at samarbeidet med kommunane fungerer godt.

Avstanden til nærmeste bibliotek har auka for dei som bur i utkantane. Bokbåten er eit utjamnande tiltak og eit godt supplement til kommunane sitt bibliotektilbod. På bokbåten kjem born på dagtid, mens det om ettermid-dagen og i helgene kjem familiar og heile bygder, noko som skaper ei unik stemning om kulturopplevelingane og den kunnskapen som bøker gir. Kulturprogramma på kveldstid for vaksne, har blitt godt moteken på plassar som ligg langt frå hovudbiblioteket, som har denne type tilbod.

Det mobile biblioteket er rimeleg i drift i høve til utlån og bruk av kulturtild. Det er fleksibelt og flyttar seg etter der folk bur. Innhaldet i bibliotekrommet endrar seg i takt med teknologisk utvikling og brukargruppene ein ønskjer å nå. Bokbåttenesta er i dag eit moderne og attraktivt tilbod som oppfyller føremålsparagrafen i Biblioteklova ved at det er ein møteplass og arena for kunnskaps- og kulturformidling. Samlingane er oppdaterte og aktuelle, og dei bibliotektilsette om bord driv med aktiv formidling av litteratur og kunnskap.

Den største utfordinga er at tenesta blir utført om bord på ein båt. Det reiser spørsmål om universell tilgjenge og miljø. Dersom bokbåttenesta skal ut på nytt anbod i samband med ei utviding av tilbodet i det nye vestlandsfylket, må det leggjast vekt på tilhøve knytt til miljøvenleg drift og universell utforming. Det bør også stillast krav til biblioteksalongen, med plass til bøker, publikum og tilrettelegging for kulturprogram.

Vedlegg 1: Namn på bokbåtstopp i kommunane

| KOMMUNE | NAMN PÅ STOPP | KOMMUNE | NAMN PÅ STOPP |
|--------------------|--------------------------|--------------------|--------------------------|
| Askøy kommune | Hanøytangen bokbåtstopp | Sveio kommune | Auklandshamn bokbåtstopp |
| | Tveitevåg bokbåtstopp | | Førde bokbåtstopp |
| Austevoll kommune | Kolbeinsvik bokbåtstopp | Tysnes kommune | Bruntveit bokbåtstopp |
| | Litla-Kalsøy bokbåtstopp | | Lunde Bokbåtstopp |
| | Møkster bokbåtstopp | | Onarheim bokbåtstopp |
| | Rostøy bokbåtstopp | Ullensvang kommune | Lofthus bokbåtstopp |
| Bømlo kommune | Espevær bokbåtstopp | | Nå Bokbåtstopp |
| | Skjeret bokbåtstopp | | Grimo bokbåtstopp |
| Fjell kommune | Misje bokbåtstopp | Vaksdal kommune | Gammersvik bokbåtstopp |
| Fusa kommune | Baldersheim bokbåtstopp | | |
| | Strandvik bokbåtstopp | | |
| | Vinnes bokbåtstopp | | |
| Jondal kommune | Herand bokbåtstopp | | |
| Kvam kommune | Øystese bokbåtstopp | | |
| Kvinnherad kommune | Snilstveitøy bokbåtstopp | | |
| | Varaldsøy bokbåtstopp | | |
| | Ølve bokbåtstopp | | |
| Lindås kommune | Dalsgrend bokbåtstopp | | |
| | Feste bokbåtstopp | | |
| | Ostereidet bokbåtstopp | | |
| | Veland bokbåtstopp | | |
| | Åsgård bokbåtstopp | | |
| Masfjorden kommune | Andvikgrend bokbåtstopp | | |
| | Masfjordnes bokbåtstopp | | |
| | Matredal bokbåtstopp | | |
| | Nordkvingo bokbåtstopp | | |
| Meland kommune | Holmeknappen bokbåtstopp | | |
| Odda kommune | Tyssedal bokbåtstopp | | |
| Os kommune | Strøno bokbåtstopp | | |
| | Vedholmen bokbåtstopp | | |
| Osterøy kommune | Hjellvik bokbåtstopp | | |
| Radøy kommune | Bøvågen bokbåtstopp | | |
| | Nordangervåg bokbåtstopp | | |
| | Sletta bokbåtstopp | | |
| | Toska bokbåtstopp | | |
| Fitjar kommune | Dåfjord bokbåtstopp | | |
| Stord kommune | Huglo | | |
| Sund kommune | Forlandsvågen | | |
| | Glesvær | | |
| | Skogsvåg | | |
| | Telavåg | | |

Vedlegg 2: Oversyn over kveldsprogram for vaksne

| | | | |
|------------|--------------------|---------------------|----------------------|
| Haust 2014 | Chris Tvedt | Feste, Lindås | forfattarbesøk |
| | Marit Eikemo | Øystese, Kvam | forfattarbesøk |
| Vår 2015 | Monika Yndestad | Hellesøy, Øygarden | forfattarbesøk |
| | Kulturskulekonsert | Gammersvik, Vaksdal | musikkprogram |
| Haust 2015 | Kulturskulekonsert | Gammersvik, Vaksdal | musikkprogram |
| | Odd Norstoga | Leirvik, Stord | musikkprogram |
| Haust 2016 | Tone Loeng | Matre, Masfjorden | foredrag |
| | Tone Loeng | Øystese, Kvam | foredrag |
| | Kenneth Bruvik | Skjeret, Bømlo | foredrag |
| Vår 2017 | Bjørn Ingvaldsen | Tyssedal, Odda | foredrag |
| | Atle Hansen | Rostøy, Austevoll | litteratur og musikk |
| Haust 2017 | Atle Hansen | Espevær, Bømlo | litteratur og musikk |
| | Ragnar Hovland | Leirvik, Stord | forfattarbesøk |
| Vår 2018 | Trio Tunnel | Førde, Sveio | musikk |
| | Torodd Fagerheim | Åsgård, Lindås | litteratur |

Kjelder

Møre og Romsdal fylkesbibliotek. Bokbåten Epos : Vestlandets flytande bibliotek i 50år, Ålesund 2013
Stig Holmås og Helge Sunde. Epos : Boka om bokbåten, Bergen 1988